Halvannen time går fort, iallefall om ein er i selskap med Ragnhild Dalheim Eriksen. Køyreturen frå Tromsø til Ellevoll er brått over. Den ferske Riddu Riddu-leiaren har mykje på hjartet. Me parkerar utanfor barndomsheimen hennar og blir vinka inn av mor i huset. Inne er det fotballkamp på tv og tanteborn på golvet. Hunden Aigi (tid) er litt overalt. Utopias reisande har knapt rukke å fått av seg skoa før me blir vist til kjøkkenbordet, med brødsriver og kaffi hakk ihel. - Det betyr ulykke om gjestar går herifrå svoltne, seier mor og viser til eit samisk uttrykk. På veggen heim har Ragnhild nevnt eit innlegg i Nordlys og no viser ho det til oss. Folk har lagt

merke til at ei jente frå Storfjord har tatt over Riddu og innskrivaren ber ho kort sagt å ta med seg heile festivalen til Storfjord. - Riddu er jo bygd opp av folk frå Kåfjord, det ville vore skandale om eg skulle ha flytta på den, ler Ragnhild.

Identitetskrise

Rundt 16 hus utgjer Ellevoll, som ligg mot enden av Storfjord i indre Troms. Me er i sameland. - Alle bygdene her har jo samiske navn og er bygde på samisk kultur. Men, mange har finske aner, me er jo berre ein time frå finskegrensa, påpeikar Ragnhild. Som 19 åring gjekk ho på folkehøgskule i Porsgrunn og måtte fortelje om seg sjølv til nye folk heile tida. Det satte igong ein tankeprosess. - Kva var det som gjorde meg so annaleis? Jau, det samiske. Slik fekk eg lyst til å job-

be meir aktivt for det, forklarar Ragnhild.

Korleis var det å være samisk der?

Det var veldig takknemlig å være samisk sørpå. Ein blei sett på som ein helt når ein gjekk i kofte på 17.mai. I Troms er det mykje vanskelige, meiner Ragnhild. - Her i bygda er det berre eg og mor som går i kofte i toget, i tillegg til tanteungane mine, seier festivalleiaren, som reflekterer omkring si eiga rolle. - Når eg går ut i media og seier at eg er same og er stolt av det, seier eg jo at søskene mine også er samar. Ei stund lurte eg på om eg rota eg skulle bli misforstått, vedgår Ragnhild. Ho fortel om forskjellen frå mor hennars generasjon. - Folk som joika e l -

ler snakka samisk på skulen blei

straffa. Å prøve å skjule identiteten din so hardt ovanfor venar og familie og bli norsk so fort som mulig må ha vore forferdelig tøft, seier samejenta. Ho kan fortelje om folk som har blitt so undertrykte at dei den dag idag kjempar imot det samiske med nebb og klør.

Forandring fryder

I Storfjord heng rangstigen fortsatt ved. Nordmenna øvst, følgt av dei finskætta kvenene og samane i botn. - Det er trist at det er so vanskelig med det samiske her. Eg føler meg litt aleine. Samtidig føles det eg gjer viktig og eg vil fortsette å jobbe for det samiske resten av livet, seier Ragnhild. Om den eldre garde har vore kua, meiner Ragnhild det har vore lettare for hennar generasjon. - Me har ein litt fandenivolsk innstilling, seier leiaren som har merka seg ei oppblomstring av det samiske



miljøet. - Den unge sjøsamekulturen er synonym med rock. Hangface og Turdus Musicus er døme på Kåfjordband med stor suksess, held Ragnhild fram. Dei unge har særleg blitt styrka gjennom Riddu Riddu, meiner leiaren, som ikkje har fått nokon negative tilbakemeldingar frå sambygdingane - Dei flirer no litt av meg, men eg føler at eg får respekt. Folk tykkjer det er artig med stillinga mi i Riddu, dei følgjer med og passar på at eg blir behandla bra i media. Eg kunne ikkje gått med ryggen rak om det eg gjorde ikkje hadde blitt akseptert innerter. Ragnhild har vorte oppdratt til å vere stolt av bygda. - Uansett kvar de er i verden representerer de Ellevoll, minnast ho å ha blitt fortalt.

Kraftig natur

Den læstadianske trua står sterkt i bygda. Medan staten forbaud samisk, tillot læstadianarane samisk i preken til langt utover forrige århun-

dre. - Samane er eit særst religiøst folk. Når læstadianarane brukte det samiske språket, gjorde det sitt, seier Ragnhild og legg til: - I Lyngen til dømes er det ein streng læstadiansk grein. Her er det meir tilpassa livet her. Sjølv er ho ikkje er truande, men omtaler seg sjølv som læstadianarunge. - Alt me gjer handlar om å ikkje kødde med naturkreftene.

Naturtrua får då òg spelerom innanfor trusretninga. - I den sjøsamiske tradisjonen trur ein at enkelte menneske kan stoppe blod. Dette er ikkje snakk om eit fysisk inngrep, der ein legg kompress på til dømes. Her snakkar ein om overnaturlige evner, forklarar Ragnhild.

Då ein av naboane var hjertesjuk, ringte dei til ein som kunne ordne. - Det er berre noko ein har, slike evner. Me kallar det ein som kan lese, forklarar Ragnhild. Ho påpeikar at desse ikkje må misbrukast. Då ho sleit med ein betent arm ville ho ikkje tilkalle nokon, men heller vente til

det var noko viktig. - Det er ein utdøyande tradisjon. Om ein har det i seg, må ein lære det også, seier Ragnhild og undrestrekar at ingen frontar at dei har evner. Det skal vere usagt.

God oppdragelse

- Naboen kjem innom av og til. Det er er veldig framand for meg å ringe dei og spørre om eg kan komme på besøk. Det har eg aldri gjort. Naboane var med å oppdra oss, fortel Ragnhild. Her kjenner alle kvarandre godt og føler eit sterkt samhold. Om nokon er sjuke får ein raskt besøk. - Me er veldig tradisjonsbunde. Ein kødder ikkje med fakketoget på vesle nyttårsafta, ler Ragnhild som håper hennar generasjon vil halde på skikkane. - Folk er med på alt i bygda, det forventast, men me likar det òg. Om eg får ungar, vil alle legge seg opp i korleis eg oppdrar dei. Men, det føles også veldig trygt, meiner Ellevollingen.

Med tanke på oppveksten har det å komme seg til og frå vore ei utfordring

- Det har vorte mykje køyring på foreldra våre. Ein måtte køyre 20 minutt til næraste ungdomsklubb, minnast ho. Mange tok mopedlappen på ungdomsskulen. - Ein finn ein måte å klare seg på., seier Ragnhild. Sjølv hadde ho hest i ungdomsåra og kunne avlaste foreldra ein smule. Fritidstilbodet var heller avgrensa. Alle dreiv med volley, det var alt som var. Likevel er Ragnhild særst nøgd me oppveksten. - Me kjente ikkje til noko anna og eg har aldri hatt noko sterkt forhold til byen, med kaféliv og slike ting, seier Ragnhild. - Me var tre stk i klassen, det var ein veldig god skule, med mykje rom for kreativitet. Lærarane var foreldre av venane mine. I den samiske kulturen har ein dessutan ein veldig fri oppdragelse. Det er få rammer med tanke på leggetider og slikt. Saman med nærleiken og respekta for naturen har det gjort meg til den eg er no. Eg hadde kanskje vore ein heilt annan om eg hadde vakse opp i Tromsø.

HEIME BEST: Ragnhild Dalheim Eriksen er samisk og nøgd med det. Ellevoll har motivert henne til å kjempe for at fleire skal vere stolte over sitt opphav.






INGE STEINE
KULTURREDAKTØR

KULTURLEIAR

Den norske stat har ei heller frynsete fortid når det gjeld urfolk. Å verte fråstole sin identitet er truleg noko av det verste ein kan oppleve. At alt har foregått so systematisk og gjennomført gjer det heile endå meir brutalt. Dette fornektingsregimet ser ein tydelege levningar av den dag i dag. Samar har framleis problem med å akseptere seg sjølve. Om lover har endra seg betyr det ikkje at haldningar har det. Derfor er det særprisverdig og viktig at folk har mot til å stå midt imot det etablerte. Gjennom 17 år har Riddu Riddu vore ei kime til ei samisk renessanse. Ein har skapt grobotn for nye tankar, friske sinn. Festivalen har vore ein arena for samisk samhald og vekst.

Ein skulle tru at slikt blei oppmuntra frå statleg hald. Ting har då verkeleg endra seg. At Riddu Riddu har knytta til seg ein imponerende breidde av verdas urfolk opp gjennom åra burde då også felle i smak. Her har ein skapt ein møteplass for ulike kulturar og uttrykk i fri utfolding. Saman har ein delt erfaringar og fått vist seg fram. Det er likefullt noko som ikkje stemmer når ein festival som har gjort so mykje for samar og urfolk generelt, er so til dei grader avhengig av frivillig arbeid.

Derfor er det ganske vanskeleg for meg å forstå kvifor festivalen ikkje har fått status som knutepunktinstusjon ved årets statsbudsjett. Ein slik status ville ført med seg sårt tiltrengte midlar. Ein kunne ha gitt arbeidet eit løft. Her låg alt til rette for bot og betring, eg ser ikkje korleis det er mulig å falle meir innanfor kriteriane for knutepunkt enn det Riddu gjer. Eg føler med Ragnhild Dalheim Eriksen og resten av arbeidsjerna. Dette var skuffande.



DU MÅ IKKJE SOVE!

TEKST INGE STEINE
FOTO TORA ALEXANDERSEN

Elektronika, mørketid og fest. Slikt blir det festival av. Til du blir søvnlaus, om du vil.

I år har me hatt fokus på det som var utgangspunktet for festivalen, seier presseansvarlig Annette Kvandahl Johansen. Her dreier det seg om å lage grobunn for å skape nye lokale band. - Det er ikkje tung e superkjente band som i fjor, forklarar ho. Men heite

Me startar ni på kvelden og held på til tre. Me har ikkje spart på tida, seier Jakobsen. - For 370 kr får ein 22 konserter, det er ein veldig bra deal, fortset ho. *Korleis får de hjula til å gå rundt?* - Alt er basert på frivillig drift og me har folk som jobbar mykje, seier leiaren. I tillegg kjem økomisk støtte frå ulike hald. - Festivalen har fått ein mykje sterkare identitet med åra. Insomnia er eit genialt navn, det passar til mørketid og fest, seier Jakobsen. Med utgangspunkt i at Tromsø er ein by med 60.000 innbyggjarar ønsker ho å ha

ho fram slenglys som ein vinnar. Opp mot 3000 små lys med magnetar skal settast i stand og delast ut. Folk kan ta dei med seg og slenge dei frå seg kvar dei vil - dei lyser i to veker. - Festivalen kjem til å påverke folk som ikkje er på Insomnia, ein kjem til å merke forandringar, lover Jakobsen. For dei som kjem gjeld det å kle seg etter forholda. - Me oppfordar folk til å ta med klede ein kan danse i, ein kjem til å bli svett, avsluttar leiaren. Grappa nedanfor vil definitivt gjere sitt.



TIL NORDENS PARIS: Joakim & The Elektoplasmic Band tek turen frå Paris.

navn blir det likefullt - Me er veldig i forkant med ting, seier Anette Tunheim Jakobsen. Ho er festivalleiari og gledar seg felt. - Det er unikt å kunne ta opp artistar som vanligvis spelar for 15.000 til oss og 600, strålar leiaren. Artistar som gjer det stort er henta inn - Me har fått sugd ut det som skjer i Sentral-Europa, hevdar ho. Joakim & The Electroplasmic Band er eit døme. - Mange er redd det berre skal vere ein fyr med laptop, men her blir det fullt band og stort trøkk, forsikrar leiaren. 120 Days er eit anna band ho trekk fram. Etter hennar meining hadde ikkje so mange fått med seg kven dei var då dei var her i fjor, no blir ein bydd på ein ny sjanse.

Valuta for pengane

ein festival som er knallbra i den konteksten. Poenget er ikkje å bli størst mulig. - Me vil at alle skal få den same musikkopplevinga som me får, seier Johansen, som meiner det er viktig å vere åpen for noko nytt. - Prøv å høyre nye ting, sjølv frå artistar ein ikkje har høyrte om, rådar ho.


Slenglys og svette

Insomnia er ikkje berre musikk, det blir òg foredrag, verkstader og debattar. - Det er viktig for oss å beskrive heile elektrokulturen, seier Jakobsen. Ein løfter fram det som ligg rundt musikk. Populærkultur, ny teknologi og dagsaktuelle spørsmål står sentralt. Leiaren trur FunComs seminar om deira nye spel «Age of Conan» kjem til å slå an. På verkstadfronten trekk

Massive svenskar

- Me var ein vennegjeng der alle sat og jobba med elektronika kvar for seg. So kom idéen om å sette opp noko stort saman, seier Kalle Bäckmann, ein av grunnpilarane i Moder Jords Massiva (MJM). Året var 1999 og tanken var å skape eit gigantisk live dj-sett. - Me har mykje meir struktur i musikken enn før, seier Bäckmann. Likevel blir det noko improvisasjon. Bandet er kjent for å innhalde eit stort spekter instrument og artistar, i litt varierende konstallasjonar. - Om blåsarar ikkje kan vere med, ja då får nokon andre steppe inn, forklarar Bäckmann. Han er ein av fem produsentar som lagar basismusikken konsertane og låtane er bygd rundt.

LOV OG RETT



Er det noko du lurar på om du har lov til, eller du har ein mistanke om at nokon prøvar å lure deg. Då er hjelpa nærare enn du trur. I denne spalta vil Jusshjelpa svare på spørsmål frå studentar. Er det noko du lurar på? Send spørsmålet ditt til redaktor@utropia.no.

- Jeg har nettopp flyttet inn på ny hybel og huseieren vil ha depositum kontant. Jeg syns det høres rart ut. Har han rett til å be om det?

Stine Studine

Kjære Stine!

Etter husleieloven § 3-5 andre ledd skal depositum settes på særskilt konto, opprettet av utleier og leietaker sammen. Utleier skal bære de utgifter det medfører å opprette en depositumskonto. Dette fremkommer av husleieloven § 3-7 første ledd. Her syndes det mye blant utleiare som ser sitt snitt i å spare noen kroner, og således ber leietaker sette depositumet rett inn på sin private konto. Det kan i mange tilfeller medføre vanskeligheter ved leieforholdets opphør, da særlig hvis det er uenighet omkring eventuelle skader og mangler som måtte oppstå i løpet av leietiden. Depositumet er ment å tjene som sikkerhet for utleier i de tilfeller som går ut over vanlig slitasje. Ved leieforholdets opphør kan utleier uansett ikke kreve depositumet utbetalt av banken med mindre det foreligger samtykke fra leietaker eller ved rettskraftig dom. Leietaker har på sin side rett til å kreve beløpet utbetalt, med unntak av de tilfellene der utleier tar ut søksmål innen en måned. Dette fordi utbetaling fra banken i utgangspunktet krever begge sitt samtykke.

Hilsen Jusshjelpa



ILDSJELAR: Presseansvarleg Annette Kvandahl Johansen og festivalsjef Anette Tunheim Jakobsen brenn for Insomnia. Moder Jords Massiva stiller mannsterkt og villig opp.

Kollektiv moro

Produsentane hentar inn dei musikarane eller instrumenta dei tykkjer passer, for so å jobbe fram låt for låt i mindre grupper. Slik kan samansetningen variere stort. Ved konsertar kjem alle saman og blir eit storband, i mangelen på eit betre ord. - Me har ein intern konkurranse der det er om å gjere å lagre betre utgåver av låtene, seier produsenten. Alle fem har sine eigne soloprojekt, det har også mange av artistane som stiller opp for å gje liv til grunnstrukturane. - Det er utrolig heftig når det klaffar med so mange på scena, seier Bäckmann. Han trur dei mange projekta er til beste for alle. - Det eine gir energi til det andre. Ein får

nye idear og betre.

Ekklusiv fest

Me jobbar likt ein dj, med andre ord bygger me opp stemningar ved hjelp av vår eigen musikk, seier Bäckmann. På scena har dei vore opptil 30 samtidig og vel det dobbelte har vore innom bandet opp gjennom åra. - I 2001 var me på turné i Sør-Amerika og det blei då klart at rundt 15 «var» bandet, seier Bäckmann. Same året gav MJM ut førsteplata *Ur Djupen*, som ein del av ein triologi. *Ur Jorden* og *Från Luften* var dei to neste i rekka. På Driv blir det ikkje berre konsert, men også sleppfest for *Ren Ondska*, siste skot på stammen. Plata er mørkare enn tidlegare og bandet

har utvikla seg i retning elektronisk pop. Bäckmann lover ein konsert med mykje nytt, men også endel gamalt stoff. I tillegg kjem eksklusive saker som aldri har blitt framført før. Det er fare for fest på Driv.

AKTUELT

Insomnia:

11.-13. oktober, Driv

Program:

www.insomniefestival.no

Moder Jords Massiva:

Fredag 12.10

UNDER DUSKEN UNDER LUPEN

TEKST SIGRID M. HOHLE
FOTO STÅLE LIND STORVIK

Under Dusken er Trondheimsstudentenes avis, og kan skryte av å være Skandinaviens eldste studentavis – første nummer kom ut i 1914. Mange hevder også at Under Dusken (UD) er Norges beste studentavis. Dette er nok til å få en Utopia-journalist på besøk i Trondheim til å ville gå avisa nærmere i sømmene. Hva er hemmeligheten bak? Er det bare blod, svette og tårer?

Redaktørdramatikk

Under Duskens lokaler ligger, som det meste annet som er verdt å få med seg i Trondheim, i "den runde røde": Studentersamfundet. Her jobber om lag 60 studenter på frivillig basis for å vedlikeholde UD's rykte som en av Norges beste studentaviser. På denne dagen jobber de ekstra på spreng, deadline er få timer unna. En liten prat med ansvarlig redaktør Eva-Therese Grøttum er det likevel tid til.

Grøttum er konstituert ansvarlig redaktør, etter en dramatisk hendelse for en måneds tid tilbake som førte til at den forrige redaktøren, Bjørn Romestrand, valgte å gå av. En funksjonær fra UKA, studentfestivalen som holdes i Trondheim i disse dager, hadde ved en glipp lagt igjen programmet for UKA i UD's lokaler, før programmet var sluppet. Da Romestrand besluttet å trykke deler av programmet, ble det fullt rabalder og telefon fra Finansstyret, som står for store deler av UD's finansielle støtte. De truet med å revidere sin pengestøtte til UD samt studentradioen og student-TV, og å fremme mistillitsforslag mot Romestrand om han trykket saken. Enden på visa ble at Romestrand gikk av i protest, fordi han ikke ville være ansvarlig redaktør i en avis hvor andre enn redaksjonen legger begrensninger på hva som trykkes.

Grøttum innrømmer at oppsigelsen kom svært uventet, og at jobben som ansvarlig redaktør er en ganske annet enn den hun tidligere hadde som nyhetsredaktør. – Men det går fint nå, Romestrand hjelper jo fortsatt mye til, og vi begynner å komme inn i ting nå.

Amfetaminsaken

I likhet med Utopia vektlegger UD

saker som er lokale og studentorienterte. Redaksjonens "kjerneverdier" varierer med hvem som sitter i redaktørstolene, Grøttum selv foretrekker å finne en balanse mellom det studentene vil lese og det de bør lese. Dessuten er det viktig for UD å være uavhengig og kritisk, samt å følge etiske retningslinjer.

– Det er ikke noe selvfølge at vi har et så godt renommé som nå, det er noe man må jobbe konstant for å opprettholde, sier Grøttum. På 90-tallet mistet avisa mye kredibilitet da den blåste opp en sak om en NTH-an-

taksprosess hvor alle som vil prøve seg som journalister får slippe til, må man gjennom krevende opptakstester før man kan begynne å skrive for UD. Etter å ha sendt søknad, helst med noe man har skrevet lagt ved, kommer man til intervju med både personlige og case-spørsmål. – Vi bryr oss om at personen må passe inn i gjengen vår, være initiativrik og selvgående. I tillegg ser vi på om han eller hun har godt språk og struktur på sakene, tar hensyn til presseetiske spørsmål og skjønner "vår" sjanger. Siste del av opptaket går ut på at kandidaten skri-

er populært å jobbe her og mange om beinet, og folk som søker jobb gjør det nok mer på grunn av det faglige enn det sosiale, selv om det sosiale også er meget bra

Har du UD-jobbing på CV'en kan det være en døråpner for mange jobber, både innen og utenfor journalistikk. Flere har gått fra Under Dusken-jobb til lokalavisjobb, og også Dagbladet, Klassekampen og Dagens Næringsliv rekrutterer journalister fra UD. Grøttum hadde selv sommerjobb i Morgenbladet. – Vi ser på oss selv som en



LIVLIG: Konstituert redaktør Eva Therese Grøttum får innspel av debattredaktør Sivert Frøseth Rossing.

satt som framstilte og solgte amfetamin til studenter. Kilden var anonym, og saken fikk mye oppmerksomhet i nasjonale medier – enten de selv blåste opp saken eller avviste det hele som tøv. I ettertiden viste det seg at saken ikke hadde altfor mye, om enn noe, rot i virkeligheten, og UD måtte tåle mye kritikk.

Journalistutdannere

Grøttum sier at det er hard kamp om jobbene i UD. Mens vår egen Utopia har en særskilt demokratisk opp-

ver en sak gitt av UD, forklarer Grøttum

Etter denne prosessen sitter det igjen om lag 20 faste journalister, som det stilles store krav til. De plikter å delta på alle møter og skrive én sak i uka, beregnet arbeidstid er minst 15 timer i uka. I tillegg kommer en del obligatorisk jobbing i forbindelse med UD's nære tilknytning til Studentsamfundet, som kan være alt fra garderobevakter til dovask. – Vi er privilegerte som må velge bort flinke søkere. Det

viktig del av norsk journalistutdanning, sier Grøttum.

FAKTA

Hvem: Under Dusken

Hva: Studentavisen i Trondheim

Etablert: 1914

Utkommer: Hver 14. dag

Nettsted: www.underdusken.no

Karrieresenteret ved Universitetet i Tromsø inviterer til:

Arbeidslivsdagen 2007

torsdag 25. oktober

Teorifagbygget, UiT kl. 1000 – 1700

Foredragsserie, 10.00 – 13.00:

- 10.00: Åpning
- 10.15: «Det lekende alvor», filosof Arne Næss og journalist Petter Mejlænder
- 11.00: «Fremtidens kunnskapsmarked», ansvarlig redaktør i Mandag Morgen, Terje Osmundsen
- 11.45: «De fem største feilene du kommer til å gjøre i møte med arbeidslivet» skribent og hodejeger Elin Ørjasæter
- 12.15: «Tør du å være unik», coach Anna Foss

Møteplassen, 13.00 – 15.00:

- Over 30 virksomheter på stand
- Intervjutrening
- CV-verksted
- Bransjetorg
- Konkurransen
- Bevertning fra Tromsø Bakeri og Studentsamskipnaden

Bedriftspresentasjoner, 1500 – 1700, 3. etasje i Teorifagbygget:

Rom 1.333




- 15.00: Eksportutvalget for fisk
- 15.45: Ernst & Young
- 16.30: Accenture

Rom 1.343

- 15.00: Troms Fylkeskommune
- 15.45: StatoilHydro
- 16.30: Hydro Aluminium- og kraftproduksjon

Rom 1.329

- 15.00: Sparebank 1 Gruppen
- 15.45: Sparebank 1 Nord-Norge
- 16.00: Proffice



SERIØSE SKINPUPPET

TEKST INGA B. TØLLEFSEN
FOTO YANNICK VAILLE

Mangel på øvingslokale, utskiftninger og senebetennelse kan ta knekken på ethvert rockeband, men Skinpuppet lar seg ikke stanse av slike trivialiteter.

Om noen av Utropias lesere har bodd i Tromsø i noen år, husker de kanskje Pulk. Et av de unge fremadstormende bandene på den tiden har nå rekonstituert seg, blitt ganske voksne og har bestemt seg for å satse på musikken. Nå bor de i samme sjangermessige gate som Tool, Radiohead og A Perfect Circle, og opprettholder med dette lille Tromsøs rykte for å være en tung rockeby. Brødrene Lars og Øystein Julsrud har naturlig nok kjent hverandre fra barnsben av, og valgte sammen med kompisen Jon-Eirik å spille musikk i stedet for å gjøre karriere på Hamnas guttefotballag. Sleng med Geir Riise (som faktisk var et keepertalent en gang i verden...) og den mystiske og talentfulle finnmar-

kingen Karoline Andreassen - og du har et band som har både konserter og studiojobbing på plakaten.

Onsdagens konsert blir en split med Durden Street, som i følge Lars er et underholdende band. Bandene har spilt sammen tidligere og vet det fungerer bra, og publikum kan nå forvente et Skinpuppet som er stadig mer samspilte og scenevante.

Med konserten unnagjort bærer det i studio. Der skal de spille inn 6-7 låter, som først og fremst skal brukes i promoteringsøyemed. Det er ikke alltid at kjipe øvingsopptak duger for et band som nå vil satse seriøst. - Vi vil oppnå så mye som mulig med musikken, så lenge det er gøy, avslutter de entusiastisk.

AKTUELT

Hvem: Skinpuppet
Aktuell: Konsert på Kaos 10. oktober



DETTE SKJER PÅ DRIV

10. - 31. OKT

19. OKT FILMQUIZ

21. OKT DIVAS OF
BELLYDANCE

26. OKT POKER

KONSERTER

MINOR MAJORITY
27. OKT. CC. 140,-/190,-



11.-13. OKT INSOMNIA FESTIVAL
INSOMNIA



120 DATS - JOACHIM & THE ECTOPLASMIC BAND -
DANTEL METED - JON JELINEK - APPARAT +++
CLOROFORM
17. OKT. CC. 90,-/140,-



MER INFO PÅ
WWW.DRIV.NO

DANCE WITH
A STRANGE

18. OKT. CC. 170,-/260,-



HUT OG ALSO
SINGER SONG

19. OKT. CC. 90,-/140,-



BLACK DEBBAR
25. OKT. CC. 140,- / 190,-



QUIT YOUR DAY
THE BOX OF MOTHER
THE VANNSKAPT
26. OKT. CC. 90,-/120,-



TOM MCRAE
27. OKT. CC. 190,-/260,-



driv

SKARP DEBUT



I FARTA: The Fernets platedebuterer endelig og nyttar høvet til å by inn til fest.

TEKST INGE STEINE
FOTO PRESSEFOTO

Gjennombrotet kom fort, sidan vart det stille. No er The Fernets i skotet som aldri før. Debutplata er i butikkhylene, det er tid for feiring.

- Me spelte inn plata i fjor sommar. So gjekk det ei god stund der me ikkje gjorde noko. Etter jul fekk me nokre flinke folk til å jobbe med plata, seier Eric Elvebø Iversen gitarist i The Fernets. Plata blei produsert av Cato Thomassen frå Cato Salsa Experience, og Øystein Grini frå Big Bang har stilt med sitt Grand Sport Studio. Med hausten kom også responsen. - Plutselig skjedde det masse. Me blei A-lista på P3, varma opp for The Ark og spelte under åpningsveka for NTNU, seier Iversen. I august fekk dei platekontrakt med Universal og beskjed om at plata skulle ut om to månader. Sidan har gutane jobba på spreng.

Kynisk på ein god måte

Platselskap førte med seg bookingagent, ein av dei beste i landet skal ein tru Fernets. - Ingen av oss er strukturerte nok til å organisere alt sjølv. No har me andre folk som gjer oss beskjed om kva me skal gjere, kvar me skal spele. Me kan konsentrere oss om

å spele, seier Iversen. Han legg til at det at andre folk jobbar med ting dei har laga, gjer dei stor sjølvtilitt. - Det betyr at nokon trur at dei kan tene pengar på oss. So kynisk er det og me likar det, ler Iversen. Me sit på Verdensteateret, bak disken står nok eit bandmedlem. Rudi Nikolaisen, bassisten. får avløyning og set seg ned ved bordet vårt. - Me har toårsdag dagen me slepp plata, kan han meddele.

Blodig Alvor

Dei to Fernetsane er einige om at å vinne Zoom er det beste utgangspunktet eit band kan få. Likevel gjekk det ikkje heilt på skinner. - Folk hadde store forventningar, men me var jo so ferske, seier Iversen. - Me dreit oss litt ut på den Lydverket-episoden. Me prøvde å gjere mest mulig ut av det - det var meint å vere humoristisk, men me framstod som dritungar, mimrar Iversen med ein flau smak på tunga. - Men, det gjorde at folk hugsar oss. No håpar me berre at alle har gløymt kvifor, smiler han. Om The Fernets har fått rykte på seg for å vere tøysete, vil neppe den nyinnspelte musikkvideoen deira hjelpe på. - Me liker å halde på med ting me kan, som rytmisk sportsgymnastikk. Me passar egentlig ikkje til den tøffe rockegreia, hevdar Iversen. - Dette er blodig alvor, dessutan ser me latterlig bra ut, seier

Nikolaisen og legg til: - Det er ikkje mange band me ser for oss utføre rytmisk sportsgymnastikk, kanskje Taliban Airways. Turdus blir meir synkronsvømming, avsluttar han.

Tilbake med eit smell

Sjølv om alt oppstyret rundt Zoom blei etterfulgt av ein liten dødperiode, er det ingen sure miner å spore. - Eg er glad me har fått tid til å finne vår identitet som band, seier Nikolaisen. - Me har blitt betre live og fått erfaring, ein treng tid for å vekse seg til, fortset han. - Det er utruleg godt å vere tilbake etter all hypen. Me kan bevise at me er eit seriøst band, som leverer kvalitet, seier Iversen. Han ser på det heile som ein draum som har blitt oppfylt, om enn ikkje so glamorøs som han hadde trudd. - Eg trur plata kan slå breitt an, seier Nikolaisen. Likevel trur dei to ikkje det vil ta heilt av heller. - Men, det er jo ein bra debut me har, so alt kan jo skje, skyt Iversen inn. Bandmedlemmane ser ingen begrensingar for kor langt dei kan nå. - Det har ikkje komme noko nytt Big Bang sidan Big Bang, seier Nikolaisen. Kanskje blir The Fernets dei neste store.

Full fart framover

Beste konsertopplevelsen hadde The Fernets på Driv under Uka. - Det er

få arrangement som er so morosame å spele på som studentarrangement, hevdar Iversen. Det spørts om ikkje sleppfesten på fredag vil toppe den. Cato «Salsa» Thomassen vil bidra og The Fernets lovar ein heidundrande kveld. Muskedunder stiller med dj og det vil bli fleire overraskingar undervegs. - Det er på tide å knuse myta om at ein må flytte til Oslo for å slå igjen som band, meiner Nikolaisen. Etter sleppet blir det ein miniturné med stopp i Stavanger, Bergen, Oslo og Trondheim. Ein månads Noregsturné følgjer etter jul. Turnering i utlandet er under planlegging. Bandet er i tillegg igong med låtar til neste album. - Det viktigaste er ikkje å delta, men å vinne. Eric Elvebø Iversen og resten rundt bordet bryt ut i latter. The Fernets har god grunn til å smile.

AKTUELT

- The Fernets, ute med sjølvtitulert debutalbum
- Sleppfest: Rica Ishavshotell, Fredag 12.10, kl. 21.00
- Billetter i salg på Platekompagniet

ET VIDUNDERTEPPE

TEKST JOEP AARTS

FOTO KRISTIN TORGENSEN

På Tromsø Museum kan du frem til nyttår se utstillingen av det berømte Bayeux-teppet, som fremstiller Wilhelm Erobrerens inn-tog i England i 1066.

Riktignok dreier det seg om en fotokopi i halv størrelse, lånt fra Nationalmuseet i København, men kvaliteten er overraskende god. Under åpningen uttalte Lena Liepe, professor i kunsthistorie ved UiT, at hvis det så absolutt skal være en liste over verdens vidundere, så burde i hvert fall Bayeux-teppet inkluderes. Hvis man ikke har mulighet til å reise til Normandie, er dette en unik sjans for å få se dette underverket.

Teppet har blitt trukket frem som en av de første former for narrativ kunst, og tegneseriefantaster burde gi det en sjans, spesielt siden fotokopien er av en såpass god oppløsning at man kan se detaljene ned til minste sting i det



fargerike, handlingsmettede teppet. Det opprinnelige teppet, som henger i Bayeux, ble sannsynligvis lagd like etter Wilhelms maktovertakelse i 1066. Teppet er 70 meter langt, en halv meter bredt og inneholder over 1500 figurer, alt fra mennesker og falker til skip og bygninger.

Slaget ved Hastings

Teppet beskriver hendelsene som førte til Wilhelms seier over Harold II i slaget ved Hastings. Omtrent halvparten av teppet gjengir dette slaget,

mens den andre halvparten er viet hendelsene som førte til det angelsaksiske nederlaget. Bakgrunnen for konflikten er at den engelske kongen Edward Bekjenneren ikke hadde noen arvtager da han døde, og dermed ble det strid om hvem som skulle etterfølge ham. Forøvrig døde også den norske kongen Harald Hardråde litt tidligere i 1066 i et slag mot den samme Harold II, som senere måtte gi tapt for Wilhelm.

Utstillingen inkluderer gjenstander fra vikingmuseet Lofotr på Borg i Lo-

foten, og fra Tromsø Museums egen samling. I forbindelse med utstillingen organiserer Tromsø Museum fem foredrag i løpet av høsten. Først ute er Richard Holt, professor i historie ved UiT, som skal snakke om Bayeux-teppet som politisk propaganda. Ellers blir det foredrag om klesdrakt i middelalderen, falkejakt og båter. Det siste foredraget blir holdt av tidligere nevnte Lena Liepe, som skal snakke om kroppspråket og måten figurene er fremstilt på i teppet.

GATEWAY COLLEGE
Norske høgskolestudier i utlandet



TA DELSTUDIER PÅ NORSK I UTlandet

Ledige studieplasser våren 2008:

DANS / MUSIKK

Cuba

Gateway College tilbyr spennende fag innen dans og musikk i pulserende Havanna. Gjennom faget blir du kjent med de cubanske dansestilene og musikk sjangrene, enten du liker å lage musikk eller bevege deg til den.

FRANSK

Paris

Lær fransk i storbyen Paris! Vi tilbyr fransk på nybegynner nivå, og fransk med kunsthistorie for de som har forkunnskaper tilsvarende C/B-språk fra videregående. Paris gir den perfekte ramme for å studere nettopp fransk språk, kultur og kunsthistorie.

EXPHIL OG EXFAC

Brasil, Bali, Mexico, New York

Grip muligheten til å studere exphil og exfac i Brasil, Bali, Mexico eller i New York. Fagene gir en innføring i filosofihistorie, etikk og vitenskapsfilosofiske temaer. Exphil og exfac er obligatoriske deler i de fleste Bachelorgrader i Norge, og gir et godt grunnlag for videre studier.



Ett semester. 30 studiepoeng. Kan inngå i norske Bachelorgrader. Støtte fra Lånekassen*. Undervisning på norsk.

*Studenter har rett på støtte fra Lånekassen fordi de blir tatt opp på en Bachelorgrad ved en av Høgskolene vi samarbeider med. Høgskolen har det faglige ansvaret for studiet, inkludert eksamen på studiestedet. Studiene inngår i norske Høgskolegrader. For flere studietilbud, se www.gatewaycollege.no

PÅ STUDENTJAKT

TEKST INGE STEINE
FOTO OPERAKORET

tast henta inn utanfrå, Operakoret gjer stykka kjøtt på beina.

Ordet opera er nesten eit belasta ord, det er eigentleg musikkteater, meiner Roald Karlsen. - Det er noko av det samme som kombinertsporten, der ein må kombinere langrenn og hopp. Karlsen står i spissen for Operakoret og er på offensiven ovanfor studentane. - Det fine med Tromsø er at ein har ein kombinasjon av profesjonelle og amatørar, seier Karlsen. I operakoret er det berre amatørar. - Ein syng, men skal også vere statist. I større stykker kan ein også ha roller, fortel Karlsen. Operakoret er hjørnesteinen i Operanords virke og gjer det mulig å sette opp større stykker i Tromsø. - Muligheten du får i Tromsø får du ikkje i Oslo, her kan du opptre med profesjonelle, framheld Karlsen. Profesjonelle artistar blir of-

Stor oppleving

Folk tenker kanskje «nei, dette kan eg ikkje», men so lenge lysta er der, er sjansane gode. Mange i koret har vore med i fleire år, ein får personar rundt seg som har erfaring og tar hand om deg, forsikrar Karlsen. - Ein må ha ei rimelig god sangstemme, men ein treng ikkje vere operasongar, roar Karlsen. No skal det øvast fram til Nordlysfestivalen og oppsetninga ein skal ha der saman med Den Norske Opera i januar. Under øvingane vil ein alltid ha med ein profesjonell pianist. Karlsen hugsar særst godt ein tysk student. Ho beskreib det å få være med i Madam Butterfly, som biletet er teke frå, som det største ho hadde opplevd. Under forestillingane har ein eit proffesjonelt apparat rundt seg som



sørgjer for kostyme, sminke og det som trengs.

Satsar breitt

Operakoret held ikkje berre på med opera. Dei har framføringar av ulike slag – frå det kollosale til det meir intime. Det er mellom anna snakk om å arrangere operapub på Universitetet.

Karlsen har stor tru på at det finst talent i studentmassen. - Dette er første gong me går ut og fortel om dette, før har det gått frå munn til munn, røper han og legg til: - Får me 60 i koret, blir operasjefen veldig glad.

FØLING I FJÆRA

TEKST TALE SEVERINA HALSØR
FOTO PRESSE

Studentane sitt eige mannskor er leie av stramme dressar og svenske svisker. No skal dei finne fram til den nordnorske folkesjela, og inviterer andre med på oppdagingsferda.

- Vi er veldig uerfarne med å syngje nordnorske viser, så no skal Jan Arvid ta oss med inn i det, ned i fjæra kan ein vel seie, smiler Hanne-Sofie Akselsen, admiraldirektør for det norske mannskor av 1995.

10. og 11. oktober skal studentkoret, i lag med Jan Arvid Johansen, mellom anna kjend frå Boknakaran, ta knekken på klisjeane om nordnorsk vise-sang. I løpet av to konsertar skal dei syngje viser om livet i fjæra og alt som høyrer til, på klingande Senjadialekt. - Sidan vi er eit studentkor er det veldig samasett kor folk kjem i frå, og det er veldig utfordrande å få soringane til å syngje på nordnorsk. Til dømes har vi mange austlendingar og eit par internasjonale songarar, så det er ein del som verken forstår teksten eller korleis dei skal uttale det, ler Hanne-Sofie. - Men vi får det til, det er jo eit

slags dannelsingsprosjekt det her.

Det Norske Mannskor av 1995, eller DNM, setter verdien av danna framferd høgt, noko dirigenten meiner namnet reflekterer godt.

- Det er eit litt langt og vanskeleg namn som høyrer litt ambisiøst ut. Men det er jo akkurat slik vi vil vere, litt ambisiøse og høgtidelege. Vi syns at alle menn bør ha ein dress, smiler ho. Likevel er det humoren som er koret sitt viktigaste kort og konsertane 10. og 11. skal vere prega av det, lovar Hanne-Sofie. Humor og fantastiske nylaga nordnorske viser, framført av

eit entusiastisk studentmannskor.

AKTUELT

Konsert med Det Norske Mannskor av 1995 og Jan Arvid Johansen

10. oktober på UNN Breivika
11. oktober på Skarven

DNM er ei undergruppe av Studentsamfunnet i Tromsø. Koret har nærare 30 medlemmar og songarane er menn tilknytt det akademiske miljøet.



Sorggruppe?

Når noen vi er knyttet til dør...skjer det noe med oss. Noen opplever sterke følelser, andre kjenner seg helt tomme. Ikke alle har familie og gode venner å i nærheten. Det kan være godt å snakke med andre i en tilsvarende situasjon.

Kontakt

Stud.prest Tor Stranda
77 64 40 97 / 913 42 023
tor.stranda@adm.uit.no

Derfor inviterer Studentpresten og Studenttrådgivningen til SORGGRUPPE. Gruppen vil møtes annenhver uke, og du kan være med så lenge du har behov. Det er ingen forutsetning at tapet er av helt ny dato.

Psykolog Hanne Rieber
77 64 90 52
hanne.riever@sito.uit.no

FORPULT FESTIVAL

TEKST INGE STEINE
FOTO SILJE GIMSØY

Medan andre lovar gull og grønne skogar, lover Robert Dyrnes rape galne artistar og djupe bølgedalar.

Fucking North Pole Festival blir nok ein gong kasta i fanget på Tromsøs befolkning og Utopia forlangar å få snakke med ledelsen. Robert Dyrnes ventar på kontoret og er ikkje vanskeleg å få i tale. - Akkurat no held me på med litt promoteringsarbeid og koordinering med artistar, fortel Dyrnes. Til dagleg er seks til sju personar i sving med festivalen. - Eg krangla med meg sjølv her om dagen om dette er den 16. eller 17. festivalen.

Forvente det uventa

Dyrnes kan fortelje at utviklinga har gått både opp og ned. - Mange trur festivalen skal bli betre for kvar gong, men det er ikkje poenget for vår del. Me prøver å vere ein uføreseieleg og annleis festival der ein kan forvente det uventa, seier Dyrnes. Det kan variere frå kjempestore artistar ein gong til små, ukjente band i neste omgang. Her ligg også årsaka til at festivalen blir arrangert to gongar i året. - I fjor hadde me henta inn mellom

Debbath og Taliban Airways står godt til kvarandre, meiner Dyrnes. Han har høyrte begge banda fleire gonger og er full av lovord. - Black Debbath er ute med sin *Hyllest til Kvinnen* og er fulle av gullkorn. Taliban Airways er Tromsøs beste band og gjorde ein veldig bra konsert under Bukta i sommar. Fredag står Quit Your Dayjob på scena. Dei har vore i Tromsø ein gong tidlegare. Etter det har det nær-

Ekstremt

Festivalleiaren ser også fram til dei andre banda denne kvelden. Vannskapt frå Lofoten har røt i pønken og er plateaktuelle. - Dei er litt kompisband med Turdus Musicus og syng på norsk, seier Dyrnes. Han saman

gjorde det veldig bra, seier han. - 2:20 er eit sanisurium av norsk punkrocks historie.

Trommisen starta bandet Hjertestart og folk frå Datamorgana er også representert. - Fredagen er mest i vår ånd og liknar mest på det me har gjort før. Det blir ein ekstrem dag innanfor alternativ rock, seier Dyrnes.

Alternativt

Fucking North Pole Festival skal tilby musikk litt på sida av kva ein vanligvis får presentert i Tromsø. Fredag blir det gode høve til sjekke ut nye band. - Her er det band som ikkje er store nok til

å ha konsert aleine. Derfor kører me også

eit opplegg der ein får fire

konsertar til prisen for ein,

forklarar Dyrnes.

Han er godt nøgd med å gjennomføre festiva-

len på Driv. - Det er lettvent, ettersom infrastrukturen allereie er på plass, påpeiker han.

Dessutan framhevar han at studentar som gruppe går meir på konsertar enn andre og at det derfor ikkje er vanskelig å legge arrangementet til eit studenthus. Om festivalens framtid er Dyrnes klar: - Målet er å vise bra alternative band, det kan dukke opp kva som helst, unntatt listepop!

FAKTA

Hva: Fucking North Pole Festival

Når: 25. og 26. oktober

Hvor: Driv

SLER TIL: Robert Dyrnes lover ein hardtslåande festival.

anna Danko Jones og Hopalong Knut. Det gav mykje folk og mykje trøkk.



Tung galskap

Denne gongen kan Dyrnes love to heilt forskjellige festivaldagar. Først blir det tung rock a la stonerrock. - Black

mast vore eit folkekrav å få dei opp att. - Ein kan ikkje unngå å ta stilling til dei, dei er fullstendig rape galne, fortel han. Bandet har ein veldig utagerande måte å halde konserter på og er heftige å både høyre og sjå på. - Ein blir bergtatt, meiner Dyrnes.

liknar dei med Honningsvågbandet Thule som har eit heller mørkt preg. - Ein får Nord-Norge imot seg, held Dyrnes fram. Box of Mothers er det einaste hardcorebandet som har eksistert i Tromsø, skal ein tru leiaren. - Dei spelte under årets Øyafestival og





Medlemskapet lønner seg lenge før du begynner i din første jobb

Tekna er en organisasjon for deg som planlegger en master innen teknisk-naturvitenskapelige fag. Som studentmedlem i Tekna får du en rekke fordeler som blant annet:

- Gratis forsikring. Velg mellom PC, ulykke eller innbo med sykkel.
- Kurs, aktiviteter og nytt nettverk.
- Hjelp når du søker jobb eller sommerjobb.
- Teknisk Ukeblad og Magasinet Tekna.

Blant våre 47 000 medlemmer er 7 500 studenter. Meld deg inn du også på www.tekna.no



Tekna

www.tekna.no

GULE BALLER MED HÅR

TEKST MATS AAS

FOTO GRY ELISABETH MORTENSEN

Innspark, handballmål og flate sko med lys såle. Minnene gikk raskt tilbake til innendørsturneringene i barndommen, da Juristforeningen inviterte studenter og ansatte ved Det juridiske fakultet til uhytidelig fotballturnering lørdag 6. oktober.

Første omgang

Turneringens åpningskamp gikk mellom de selverklærte forhåndsfavorittene Team Eckbo fra 1. avdeling, og Bristende Forutsetninger (BF), sammensatt av studenter fra 2. avd. Til tross for mange målsjanser og mye godt spill, endte kampen uten mål. I den neste kampen skulle dagens første skåring komme, da Dårlig Stemning (DS) slo Team Trygve 1-0. De innledende rundene gikk sin gang, og etter at alle lagene hadde spilt ferdig ble det klart at BF og In-Team gikk videre fra Pulje 1, mens Team Eckbo og Lag A måtte reise hjem. I Pulje 2 var det bare Team Trygve som måtte gi seg, mens DS og Lærerlaget (LL) var klare for semifinaler.

Andre omgang

Den første semifinalen, mellom IT og DS startet med lite fint spill og mange harde dueller mellom slitne spillere, før IT skåret kampens første mål etter fem minutters spill. Drøye tre minutter senere fikk DS hjørnespark, som endte i mål via et bein inne i boksen, og utligningen var et faktum. Kampen blåses av på stillingen 1-1, og det er et øyeblikks forvirring om hva som nå skal skje. Arrangøren bestemmer at det skal spilles en fem minutters ekstraomgang. I begynnelsen av ekstraomgangen var DS det førende laget med sjanser på løpende bånd, før de puttet på til 2-1 etter knappe to minutter på et langskudd. DS var klare for finale!


Den andre semifinalen, mellom LL og BF startet med et voldsomt press fra Lærerlaget, men BFs målvakt Tom-Stian Berntsen vartet opp med den ene kvalifiserte redningen etter den andre. Etter knappe to minutter fikk endelig lærerne ballen i mål, og det så stygt ut for BF. De skulle likevel reise seg igjen, og i kampens sjette spilleminutt løper Erling Myrland oppover langs høyrekanten og putter ballen under keeper fra kort hold. Turne-



ringens vakreste skåring, 1-1! To minutter senere vinner BF ballen på midten, og kommer to mot en. Myrland slår tunnel på keeper, og det står 2-1 til BF.

Finale

Finalen skulle spilles over to omganger á ti minutter, og DS gikk hardt ut, men det ble for mange upresise langskudd, og BF var slett ikke ufarlige på sine kontringer. Etter seks minutter skårer helten fra semifinalen, Erling Myrland, og BF leder 1-0. DS fortsetter å skyte fra langt hold, men de fleste skuddene går omtrent like langt over mål. Til pause står det 1-0 til BF. Tre minutter ut i omgangen jubler BF for skåring, men dommeren annullerer og dømmer innspark til BF i situasjonen i forkant. Mot slutten bølger kampen frem og tilbake, og begge lagene har store sjanser til å skåre, men begge keeperne spiller godt og tar alt som kommer innenfor stengene. I siste spilleminutt har DS corner, og det ropes på hands etter en redning på streken. Dommeren avslår, og sier heller at kampen er over. Bristende Forutsetninger er vinnere av Cup Jur 2007.



JIMMIS

Studentplass nr. 1 i Tromsø

Salater: 95,-
Baguetter & Bagels: 55,-

Vi har ferskpresset juice, smoothies, øl og vin samt et stort utvalg forskjellige kaffesorter, latte, mocca, varm sjokolade mm.

20% Jimmis gir 20% avslag ved fremvisning av studentkort

Bli medlem av Jimmis-gruppen på Facebook og få ekstra fordeler og superbra tilbud. Bynes fineste uteservering!

www.jimmis.no

ET SYKT HELSEVESE

MICHAEL MOORE
Sicko

TEKST JOEP AARTS

I sin siste film *Sicko* retter Michael Moore skyts mot det amerikanske helsevesenet. Det er ingen tvil om at systemet svikter i USA, og Moore får frem mange hårreisende fakta og historier. 50 millioner amerikanere har ingen helseforsikring, forsikringselskapene har ansatt folk til å saumfare søknader på jakt etter feil, ansatte i de samme selskapene får bonus hvis de klarer å avslå søknader, egenandelene er skyhøye osv. Moore kommer ikke med så veldig mye nytt, men filmen vil nok likevel være en åpenbaring for mange.

Moore kjører på i sin sedvanlige provokative stil, kjent fra *Bowling for Columbine* og spesielt Gullpalme-vinneren *Fahrenheit 9/11*, der kontrasten er

det mest brukte virkemiddelet, og der nyansering er fraværende. Den første delen av filmen fungerer i så måte bra for å få poengtert hvor grunnleggende urettferdig det amerikanske systemet er. Han lar folk som faktisk er


forsikret fortelle om deres ublide møter med pengesyke forsikringselskap. Så langt, så godt, hvis man klarer å svelge

Moores selvforkusning og enkle retoriske grep.

Riktig problematisk blir det først når han drar over landegrensen for å se hvordan folk har det i andre land.

Moore er innom Canada, England og Frankrike før han setter kursen mot Cuba.

Han snakker med en konservativ senator i Canada, en lord i England og et (heller rikt) par i Frankrike.



Refrenget er at helsevesenet er tilgjengelig for alle og dødeligheten mye lavere i disse landene. Riktignok fungerer helsevesenet mye bedre i disse landene, men det er ingen grunn til å

rose det opp i skyene uten noen form for distanse eller kritikk.

Det er likevel den siste delen av filmen som er mest provoserende. I denne delen drar Moore til Cuba for å få hjelp til folk som sliter med langvarige skader etter å ha hjulpet til under 9/11. Han impliserer at helsevesenet på Cuba nærmest er perfekt, og åpent for alle, uten å problematisere situasjonen på dagens Cuba. Der eksisterer det nærmest en type medisinsk apartheid, der cubanere flest ikke kommer inn på de beste sykehusene (som er reservert for helseturisme), og ikke har råd til medisiner.

Denne tendensiøse skildringen av det som i hans øyne fremstår som perfekt fungerende helsevesener, svekker troverdigheten i hans angrep på helsevesenet i USA. Det er selvfølgelig synd, fordi det fortsatt er behov for velfundert kritikk mot dette urettferdige systemet.

Å LE MED KLUMP I HALSEN

DANI LEVY
Mein Fuhrer - Den absolutt sanneste sannhet om Adolf Hitler

TEKST TALE SEVERINA HALSØR

